

19.11.2014

Ambulansepersonalet i Sykkylven flytte i november 2013 inn i ny stasjon, og er naturleg nok svært glade for det. SRK fekk komme på bedriftsbesøk, og stasjons-eigar og -leiar Anita Vollstad orienterte og viste rundt.

Referat frå besøket på ambulansestasjonen finn du her.



Hovudinngangar for ambulansebil og personell. Ambulanse MIDT-NORGE står det på skiltet, enn så lenge. Frå 1.januar 2015 vil ei omorganisering gjere at Helse Møre og Romsdal tek over. Men framleis vil vi høyre til den regionale eininga Helse Midt-Norge.



Ambulansestasjonen sett frå sør. Anita Vollstad fekk kjøpe tomt av Sykkylven Bustadselskap, og reiste bygningen for eiga rekning etter tilbod frå Direktehandel på Vigma. Ho leiger ut til Helse Midt-Norge på ei 20-års kontrakt. Ho karakteriserer flyttinga frå dei gamle lokala til dei nye som "å begynne eit nytt liv". Det trur vi så gjerne, etter den synfaringa vi fekk vere med på.



Anita fortalde greitt og skjønleg om prosessen fram til ny stasjon, og om det daglege tilværet med å drifte ambulansetenesta. President Jarle lytter med merksemd.



Rotarymedlemmene fylte godt opp i stova og kjøkkenet, men ikkje verre enn at alle fekk nytte servert kaffi og kake.



Anita fortalde for ei lydhøyr forsamling, og som vanleg er, var det mange spørsmål undervegs.



Bastian skjenker kaffi til Petter, medan Oddbjørn ventar i kø. Klubbens "Grand Old Man", Charter-medlem Arnold Weiberg-Aurdal til høgre, er far til Bastian.



Anita og pappa Knut ved kjøkkenbenken.



Drøsen gjekk lett rundt borda, før det var tid for ein runde gjennom bygget.



Rescue-Anne vert flittig brukt. Det er ei retteleg øvings-dukke, til ein verdi av 100.000 kroner, kunne Anita fortelje.



Orienteringa heldt fram i garasja. Legg merke til den korrekte ambulanse-gulfargen på slipperane/ tøflene til Anita.



Vi fekk m.a. vite at forutan Sykkylven, lyt ambulanse-tenesta vere budd på å yte også i Stranda kommune, viss tenesta der er ute. Heilt til Røyrihus på grensa til Sogn og Fjordane. Personalet tel 8 personar, som går i døgn-turnus. Dei går 48 timars vakter i veka, og har 3 døgn når det er helgevakt. Kwart år har dei rundt 600 utrykningar. På biletet under kjem bilen att frå utrykning.



Lillian Solås og sjåfør Hans Olav Pedersen har gjennomført nok ei utrykning, saman med (biletet under) Vigdis Tennfjord, som har halde auge med pasienten. Alt ambulanspersonale lyt regelmessig gå gjennom kurs og oppdateringar, både av medisinsk og teknisk karakter. Krava til dagens ambulanseteneste er høge!



Petter, Lillian og Roger: Dei er meir eller mindre ekspertar innan kvar sine felt, og er nødvendige brikker i det store samfunnet som vi alle er ein del av.



Hjarteleg takk for god informasjon og omvising, seier president Jarle til Anita. Hugs å dele med dei andre på laget! I skrivande stund er kanskje konfektbitane alt oppetne... og medverka til ei ekstra GOD VAKT!

Tekst og foto: Olav p

Kopiering: Olav P, 24.03.15